

SYKKYLVEN KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemmane av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

**mandag, 28.05.2018 kl. 17.00 på møterommet, Teknisk 2. etasje**

#### SAKLISTE:

- Sak 10/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 15.05.2018  
« 11/18 - Tilskotsforvaltning av midlar til breiband og anskaffingar av  
breiband i Sykkylven kommune.

#### Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til  
dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@skiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@skiks.no).

Rolf Bergmann  
leiar  
(sign.)

## **Sak 10/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 15.05.2018**

### **MØTEBOK**

Møtedato: 15.05.2018, kl.14.00 – 15.30

Møtestad: Formannskapssalen

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles tilstades:

Ståle Eikrem, Karen Elise Matheson, Torill Velle og Roger Welle.

#### **= 5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal

Frå Sykkylven kommune møtte rådmann May Helen Molvær og økonomisjef

Frå Kommunerevisjon3 møtte oppdrag revisor Anne Nygård.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt av Ståle Eikrem.

---

### **SAK 06/18**

### **GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 10. 04.2018**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:**

Møtebok frå møte 10.04. 2018 blir godkjent.

---

### **SAK 07/18**

### **ÅRSMELDING 2017 – SYKKYLVEN KOMMUNE.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.05.2018

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Sykkylven kommune til orientering.

**SAK 08/18**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2017 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.05.2018

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

**Uttale til kommunestyret :**

1. Sykkylven kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.
  2. Kontrollutvalet rår kommunestyret til å sjå nærmare på rutinane for kontroll og etterleving av regelverket for offentlege innkjøp.
- 

**SAK 09/18**

**KONTROLLRAPPORT 2017 VEDKOMANDE**

**SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN FOR SYKKYLVEN KOMMUNE.**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.05.2018

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

---

**EVENTUELTT:**

Ståle Eikrem tok opp spørsmålet kring Bustadselskapets sal av tomter i Grebstadlia. Kontrollutvalet vil kome attende til dette ved et seinare høve, etter at styret i Bustadselskapet har diskutert saka.

Neste møte vart avtalt til mandag 28. mai, kl. 17.00

Rolf Bergmann

leiar  
(sign.)

Ståle Eikrem

nestleiar  
(sign.)

Karen Elise Matheson

medlem  
(sign.)

Torill Velle

medlem  
(sign.)

Roger Welle

medlem  
(sign.)

## **SAK 11/18**

### **TILSKOTSFORVALTNING AV MIDLAR TIL BREIBAND OG ANSKAFFINGAR AV BREIBAND I SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som pdf vedlegg følgjer:

- Forvaltningsrevisjonsrapport datert 23. mai 2018 om tema nemnt ovanfor

Rapporten gir ei utførleg framstilling av bakgrunn for saka, historikken, problemstillingar som er relevante for saka, drøftingar og konklusjonar. Det blir vist detaljane i rapporten.

Kommunen har gitt høyringssvar.

Problemstilling 1a:

**Har tildelinga av tilskotet vore gjenstand for ei forsvarleg saksbehandling? Herunder om tildelinga er gjort i kompetent organ?**

Problemstilling 1b:

**Har kommunen gjennomført konkurranse på tilskotet i tråd med regelverket?**

Problemstilling 1c:

**Har kommunen stilt krav om tilgang for tredjepart i tråd med regelverket?**

Problemstilling 2:

**Har kommunen skaffa seg breibandtenester i tråd med regelverket?**

### **Konklusjonar i rapporten**

1a:

**Har tildelinga av tilskotet vore gjenstand for ei forsvarleg saksbehandling? Herunder om tildelinga er gjort i kompetent organ?.**

Tildelinga av tilskotet har ikkje vore saksbehandla. Kommunelova stiller krav om forsvarleg saksbehandling og kompliserte, viktige saker stiller større krav til saksbehandling enn enklare saker. Saksutgreiinga skal sikre korrekte avgjersler, vise politikarar og omverda korleis ein

kjem fram til sine forslag, men også bidra til at saksbehandlar må sette seg inn i flest mulig sider av ei sak og på den måten kvalitetssikre arbeidet. Ei god saksutgreiing kunne ha forhindra dei feila rapporten omhandlar.

Å søke om midlar og tildele desse var begge administrative vedtak. Rapporten konkluderer med at vedtak om breibandutbygging og tilskot skulle ha vore fatta av kommunestyret. Rapporten presiserer at generalforsamlinga i Sykkylven Energi AS var kjent med breibandutbygginga. Generalforsamlinga består av dei same personane som kommunestyret.

Det bør likevel presiserast at generalforsamlinga er selskapet sitt organ, medan kommunestyret er kommunen sitt organ. Det er kommunestyret som skal gjere vedtak for kommunen. Eit eventuelt vedtak i ei generalforsamling er ikkje eit kommunestyrevedtak.

Problemstilling 1b:

**Har kommunen gjennomført konkurranse på tilskotet i tråd med regelverket?**

Det er ikkje gjennomført konkurranse går det fram av rapporten. Brev frå departementet slår fast at det skal vere konkurranse. Sjølv om fylkeskommunen ikkje har gitt melding om dette kravet, er det å forvente at ein kommune forstår at ein ikkje einsidig kan dele ut slikt statstilskot til *ein* og ikkje la andre eventuelt interesserte få høve til å konkurrere. Spesielt er det at Sykkylven kommune har gitt Sykkylven Energi AS einerett.

Problemstilling 1c:

**Har kommunen stilt krav om tilgang for tredjepart i tråd med regelverket?**

Det går fram av rapporten at kommunerevisjonen ikkje tek stilling til dette spørsmålet og grunngjevinga for dette går fram av rapporten.

Problemstilling 2:

**Har kommunen skaffa seg breibandtenester i tråd med regelverket?**

Rapporten slår fast at det var kunngjeringsplikt for denne anskaffinga og at kunngjering ikkje vart gjort. Rapporten nemner moglegheita for at det berre var ein aktuell leverandør, men rapporten nemner at Sykkylven kommune måtte ha dokumentasjon på dette. Lista ligg høgt for å kome i denne kategorien.

## **Oppsummering.**

Innkjøpsregelverket skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar og bidra til at det offentlege opptrer med integritet slik at innbyggjarane/skattebetalarane har tillit til at offentleg innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte, ivaretak omsynet til konkurranse og arbeidslivskriminalitet, miljø, klima og sosiale forhold. Likebehandling, vere føreseieleg og etterprøvbar er viktige føresetnader. Mange av dei same omsyna som er nemnt her er også viktige ved tildeling av tilskot.

Det er framleis altfor vanleg i kommunesektoren at det skjer feil og at det manglar kvalitetssikra saksbehandling knytt til innkjøp og forsovidt også til tilskotsforvaltning. Det bør bli eit satsingsområde å få utviklinga i rett retning.

I dette aktuelle tilfellet er det nærliggande å meine at sjølv om fylkeskommunen hadde svikta i å informere Sykkylven kommune om regelverket, skal ein kunne å forvente at overordna tenestemenn, sjølv om dei ikkje hadde den kunnskap som var naturleg å forvente, burde undre seg over at det kunne vere lovleg å tildele so store beløp utan konkurranse, saksbehandling og kommunestyrevedtak. På same vis er det lett å undre seg over at kommunen sine store innkjøp som rapporten omhandlar ikkje vart lyst ut på anbod.

Kravet til forsvarleg saksbehandling og vedtak i kompetent organ er ikkje oppfylt.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

### **uttale :**

Kontrollutvalet viser til feil som kjem fram i rapporten om tilskotsforvaltning og offentlege innkjøp. Kontrollutvalet viser også til presisering i revisjonsmeldinga for 2017 om manglande anbod på offentlege innkjøp.

Kontrollutvalet vil presisere at innkjøpsregelverket skal bidra til effektiv utnytting av samfunnet sine ressursar og bidra til at det offentlege opptrer med integritet slik at innbyggjarane/skattebetalarane har tillit til at offentleg innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte, ivaretak omsynet til konkurranse og arbeidslivskriminalitet, miljø, klima og sosiale forhold. Likebehandling, vere føreseieleg og etterprøvbar er viktig.

Det er viktig at innbyggjarane har tillit til Sykkylven kommune på dei områda som er omfatta av rapporten. Rådmannen har ei oppgåve i å bygge opp rutinar og prosedyrar som skal sikre ei betre forvaltning og bygge tillit.

Med utgangspunkt i ovanståande legg kontrollutvalet fram for kommunestyret følgjande

**innstilling:**

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet sin uttale.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat.